

KONSERVATISME?

Civita og det gode selskap

«Hva vil det egentlig si å være konservativ?» Dette står som inngangsspørsmål for boka *Konservatisme* (2011), utgitt av Torbjørn Røe Isaksen og Henrik Syse, der baksideteksten blir avslutta slik: «Denne boken gir et svært interessant grunnlag for å forstå dagens konservative politikk i Norge og internasjonalt, og dens bakgrunn.»

Prosjektet verkar løfterikt og spennande, av tre grunnar: (i) Det er viktig å ha kjennskap til ulike versjonar av politisk konservatisme, til dømes i forhold til liberalisme og sosialisme. (ii) Det norske Høgre ber i seg ei spenning mellom næringsliberalisme og verdikonservatisme, med røter tilbake til embetsmannsstaten, ei spenning som sjeldan blir tematisert og der det verdikonservative innslaget er på vikande front. (iii) Redaktørane Røe Isaksen og Syse er personar med verdikonservative haldningar, samtidig som dette bokprosjektet kom i stand etter initiativ frå tankesmia Civita, som har politisk og økonomisk liberalisme som grunnbegrep, med høgrepolitikar Kristin Clemet ved roret.

Ein innleiande merknad: Denne boka er utgitt på Universitetsforlaget. Det signaliserer at dette er eit akademisk arbeid. Samtidig er boka initiert og støtta økonomisk av tankesmia Civita, som har logo på omslaget. Derfor er det tvitydig om dette er eit akademisk arbeid eller eit politisk innspel. Men sidan det er utgitt ved Universitetsforlaget, er det rimeleg å lese boka med den type forventningar som vi har til eit akademisk prosjekt.¹

Innleiingsvis seier redaktørane at dei vil framvise konservatismen «i alt sitt mangfold». Dette er ei svær oppgåve. Av praktiske grunnar må ein jo avgrense feltet. Derfor er det avgjerande korleis forfattarane definerer begrepet. I denne boka blir det samtidig annonsert at vi her skal få svar på kva konservatisme «egentlig» er, både «dens bakgrunn» og «i dag», både «i Norge og internasjonalt». Altså, kva konservatisme eigentleg er, ikkje kva redaktørane ønskjer at det skal vere. Med dette stig forventningane om begrepsavklaring og tilhøyrande grunngeving. Det hevar forventningane om at boka vil vise korleis konservativ politikk kan vere aktuell og relevant overfor dagens utfordringar. Derfor er det naturleg at vi ser nærmare på tre punkt: utval, definisjon, aktualitet.

Men aller først, til opplysning: Boka, på 381 sider, omfattar tekstutval av 21 personar, frå Aristoteles til Fukuyama, forutan ei allmenn innleiing ved redaktørane, som også har skrivne korte innleiingar til dei utvalde personane og tekstane. Utvalet ser slik ut: Aristoteles, Thomas Aquinas, David Hume, Edmund Burke, Joseph de Maistre, Alexis de Tocqueville, Georg Wilhelm Friedrich Hegel, Benjamin Disraeli, Booker T. Washington, José Ortega y Gasset, Friedrich A. von Hayek, T.S. Eliot, C.J. Hambro, Konrad Adenauer, Michael Oakeshott, Eric Voegelin, Gertrude Himmelfarb, Alasdair MacIntyre, Margaret Thatcher, Roger Scruton og Francis Fukuyama. Av desse 21 utvalde er fem fødte etter 1901, to etter andre verdskrig (Scruton og Fukuyama). Med andre ord, det blir fokusert på enkeltstående bidrag i eit idéhistorisk perspektiv og ikkje på nyare innspel og debattar om politiske grunnlagsproblem. Redaktørane har valt å ta inn tekstar både frå teoretikarar og politiske aktørar, t.d. frå Thomas Aquinas og Hegel så vel som frå Hambro og Thatcher. Tekstane er derfor sjangermessig av ulikt slag og på ulikt nivå. Innholdsmessig er boka ein historisk antologi over utvalde tekstar med innleiande kommentar. Samtidig har boka som ambisjon å gi eit breitt og representativt svar på kva konservatisme er.²

Utval

Boka har som målsetjing «å hjelpe leseren med å forstå hva Vestens politiske konservatisme er i alt sitt mangfold». ³ I den samanhengen går ikkje redaktørane av vegen for å peike på motsetningar og meiningsskilnader blant dei utvalde representantane for politisk konservatisme. Det er som det skal vere i eit fagleg prosjekt. Men når mangfaldet blir omfattande og til dels motsetningsfylt, blir det vanskeleg å få tak på det som skulle vere felles. Her er nokre døme:

Blant dei utvalde har vi t.d. Thatcher, MacIntyre og Hegel. Dei politisk relevante skilnadene er openberre: Alasdair MacIntyre er ein Marx-inspirert katolsk kommunitarist med kritikk av liberalisme og kapitalisme og med det dygdige liv i lokalsamfunn som ideal. Margaret Thatcher var ein handlingskraftig politiskar med urokkeleg tru på marknadsløysingar, om nødvendig ved drastiske politiske inngrep. Her framstår mangfaldet i form av grunnleggjande motsetningar mellom MacIntyre og Thatcher. Kva har dei til felles i politisk forstand, Thatcher og MacIntyre? Og kva med Hegel oppi alt dette? Med sin dialektiske historiefilosofi, der opplysningsprosjektet inngår, mellom anna i form av institusjonelle differensieringar, føregrip han Webers moderniseringsteori på ein måte som kan gi grunnlag for å omtale Hegel som den første sosialdemokrat. Thatcher, MacIntyre, Hegel – det dei har felles i politisk forstand, kan ikkje vere særleg mykje.

Tilsvarande t.d. for Aristoteles og von Hayek. Aristoteles, gresk filosof på 300-talet f.Kr., gjekk inn for eit demografisk og økologisk stabilt likevektssamfunn, der teoretisk innsikt og diskuterande politisk praksis er overordna instrumentell og nytteorientert handling i arbeidsliv og bytehandel. Hayek, fødd i 1899, reagerte mot fascistisk og kommunistisk totalitarisme og mot ein planleggingsoptimisme som overser at kunnskap er feilbarleg; vi bør derfor lite på spontane uregulerte handlingar, og for Hayek representerer dette eit forsvar for dynamikken i marknadøkonomien, utan politiske reguleringar. Igjen, det som i politisk forstand er felles for Aristoteles og Hayek, kan neppe seiast å vere særleg omfattande.

Redaktørane er prisverdig opne om det dei ser som spenningar i mangfaldet. Men dei gir ikkje inntrykk av å vere bekymra over at spenningane til tider tar form av motsetningar, og at det som kan seiast å vere felles i politisk forstand, blir svært tynt. Dei er tilsynelatande vel tilfredse med å kunne plukke litt her og litt der, samtidig som dei framhevar at politisk konservatisme ikkje må oppfattast som ein ferdig utarbeidd ideologi.

Mangfaldet blant dei 21 utvalde er såleis overveldande, og problematisk. Samtidig kjem spørsmålet frå motsett kant: Er utvalet vidt nok? Kvifor nettopp desse? Finst det ikkje andre personar og tekstar som kan reknast som konservative, og som ofte blir kalla konservative, men som ikkje er blant dei utvalde?

Svaret gir seg sjølv. Dette gjeld t.d. dei nordamerikanske «neo-cons» frå miljøet rundt Bush: slagkraftige politiske aktørar som meiner å vite kva som er rett for andre, og korleis dette kan implementerast med politisk makt, om nødvendig ved militær intervensjon. Dette synet på kunnskap, stat og politisk makt harmonerer dårleg med det synet på konservatisme som redaktørane ønskjer å framheve.⁴

Derfor spørsmålet: Kven har rett, og makt, til å definere begrepet, til å fastslå kva det «egentlig» vil seie å vere konservativ, slik det står på bokomslaget? Bør ein ikkje lytte til andre enn dei som her er utvalde? Og bør ein ikkje lytte til dei som er utvalde, men som uttrykkeleg og med gode grunnar argumenterer for at dei ikkje vil bli kalla konservative, slik som Hayek (Hayek, 1960)? Eller er det her i grunnen tale om politisk posisjonering, i form av «normative definisjonar»?⁵

Vi går ut frå at dette er eit fagleg prosjekt, og at ein derfor er open for «bruksmåtedefinisjonar» som registrerer kva for ord og begrep som faktisk blir brukte, i alle fall hos markante personar og grupperingar. Men då er det på sin plass å registrere at ordet *konservatisme* blir brukt om og av dei «ny-konservative» i USA, men også t.d. om kontinental-europeiske politikarar som Otto Bismarck og Giovanni Gentile, eller intellektuelle som Carl Schmitt og Arnold Gehlen, eller

Ernst Jünger og den seine Martin Heidegger. I den kontinental-europeiske tradisjonen står begrep som stat, nasjon, autoritet og hierarki sentralt, i kontrast til den liberal-konservative tradisjonen som redaktørane knyter an til. Og verre blir det om vi også tar med spansk konservatisme, eller russisk og austeuropeisk. Igjen får vi ein overgang til det fascistoide og reaksjonære, som representerer elitære privilegie og sosial represjon, og det som verre er.

Så kan ein innvende at Aust- og Sør-Europa står oss fjernt, her oppe i Skandinavia. Men dersom forfattarane vil avgrense begrepet *geokulturelt* på denne måten, burde dei gjere det eksplisitt og avpasse pretensjonane tilsvarande. Uansett, vi i Skandinavia har ein omfattande historisk fellesskap med den tysktalande verda; derfor er det påfallande når desse sidene ved europeisk konservatisme ikkje kjem klarare til uttrykk. Dessutan, NATOs nye strategi, som også er vår strategi, er i samsvar med ny-konservativ intervensjonisme, med tiltru til drastiske inngrep overfor andre samfunn og tradisjonar, ut frå ei overtyding om at vi har retten og den nødvendige kunnskapen på vår side. Derfor er det problematisk å avskrive dei nordamerikanske «neo-cons» som om det var noko heilt anna.

Naturlegvis kan vi bestemme oss for ikkje å ta dei med, ved å definere dei ut – slik det blir gjort i denne antologien. Men her er forfattarane ute etter å forklare kva konservatisme «egentlig» er. Betyr det at dei som slik blir definerte ut, egentleg ikkje er konservative? Eller er det her tale om kva redaktørane meiner at konservatisme «bør vere»?

Kort sagt, er det vi møter i denne antologien ein politisk og partisk definisjon, bestemt av redaktørane som politiske aktørar og av tanke-smia Civita? I så fall kunne vi stoppe her. Men tvilen bør komme redaktørane til gode: Vi går ut frå at dette bokprosjektet er eit seriøst fagleg bidrag, og ikkje eit fordekt partipolitisk innspel.

Fordi vi har tillit til redaktørane intellektuelle integritet, vil vi samtidig minne om eit par forhold som gjerne skulle ha vore tematiserte og kommenterte i ei bok som denne: (i) Den milde og litt vage

form for konservatisme som redaktørane framhevar, der motsetningane mellom verdikonservatisme og næringsliberalisme i liten grad blir tematiserte, passar godt for partiet Høgre, som neppe er interessert i for mykje merksemd om dette punktet. (ii) I norsk samanheng, og av historiske grunnar, har vi hatt eit skilje mellom verdikonservatisme med røter i embetsmannskulturen og verdikonservatisme med røter i dei folkelege rørslene, der den førstnemnde gjekk inn i partiet Høire og den sistnemnde først gjekk til Venstre og seinare særleg til mellompartia. Heller ikkje dette er slikt som partiet Høgre vil vere interessert i å framheve. Men ei akademisk bok som skal gi «et svært interessant grunnlag for å forstå dagens konservative politikk i Norge [...] og dens bakgrunn», kunne med fordel ha tematisert og kommentert desse poenga.

Definisjon

Dette fører oss over til spørsmålet om kva for definisjon, kva for kjennemerke på konservatisme, som redaktørane legg til grunn. Her er ei tentativ liste over slike kjennemerke, med kommentarar til nokre av dei problema som melder seg, med utgangspunkt i det redaktørane skriv i denne boka:

- a) Eitt kjennemerke er *tradisjon*, og «å forandre for å bevare». Men, for det første kan jo tradisjon vere så mangt; opplysningsprosjektet er også blitt ein tradisjon. Og det finst både gode og dårlege tradisjonar. Altså trengst det presiseringar med tanke på kva som bør og kan bevarast, og korleis det kan skje. Korleis ser dei samfunnsanalysane ut som konservative politikarar nyttar for å takle desse utfordringane? For det andre er det i vårt globaliserte samfunn alvorlege konflikhtar mellom tradisjonar. Finst det eit konservativt svar, t.d. overfor førmoderne tradisjonar i moderne samfunn? For det tredje, systemdynamikken i kapitalistisk marknadsøkonomi fører til omfattande problem for mange tradisjonelle livsformer og påverkar det norm-

styrte samfunnsliv på ein problematisk måte, jf. t.d. diskusjonane om «system» og «livsverd».⁶ Kva er det konservative svaret?

- b) Eit anna kjennemerke er erkjenninga av at mennesket, og kunnskapen, er *feilbarleg*, omtala som «epistemologisk beskjedenhet» i denne boka. Ein sentral referanse er Friedrich von Hayek, f. 1899. Men det er jo i dag ulike svar på dei epistemiske utfordringane omkring menneskeleg og kunnskapsmessig feilbarlegheit, t.d. hos John Stuart Mill og Jürgen Habermas, der argumentativ diskusjon og meiningsdanning framstår som eit tilsvar på det at vi er feilbarlege og at kunnskapen vår er usikker, perspektivistisk, og ofte interessebunden. Dette gjeld også vitenskapleg innsikt. I så måte kan vi i moderne vitenskapsbaserte samfunn tale om «epistemisk overbelastning» (Skirbekk, 2010). Her finst ingen ferdige løysingar, men det nemnde tilsvaret utgjer ein open og udogmatisk praksis, med utgangspunkt i opplysningstida: sjølvkritisk og oppdatert diskusjon og offentleg meiningsdanning som tilsvar til fallibilisme-utfordringa. Korleis forhold ein moderne politisk konservatisme seg til dette tilsvaret?
- c) Konservatismen blir sagt å ha eit *nøkternt menneskesyn* som erkjenner at mennesket kan vere både godt og vondt. Redaktørane framhevar dette poenget. Nøkttern realisme i synet på mennesket, ikkje utopisk optimisme. Her kan det vere på sin plass å minne om at det i moderne samfunn er problematisk å lansere eit menneskesyn som om det primært var eit spørsmål om politisk eller religiøs overtyding. Det er i dag ingen veg utanom den mangefasetterte kunnskapen om mennesket som dei ulike vitenskapane gir oss. Her inngår også ideologikritiske disiplinar, som hos Freud og Marx. Kort sagt, det som i denne boka blir lansert som eit konservativt menneskesyn, korleis står det i forhold til desse vitenskaplege og vitenskapsteoretiske diskusjonane? Dessutan, overgangen frå menneskesyn til politisk posisjon er problematisk og tvitydig. For eksempel, teoretikarar med eit pessimistisk menneskesyn kan gå inn for ein autoritær orden for å hal-

de vondskapen i sjakk, som hos Augustin og restaurasjonsteoretikarane etter den franske revolusjon. Eller, dei kan gå inn for maktfordeling og utskiftingar av personar i maktposisjon, av frykt for at udugelege og vonde herskarar skal bli sitjande med makta. Jf. skiljet mellom autoritær og liberal konservatisme. Poenget er dette: Eit fokus på menneskesyn gir ikkje adekvate begrep for å gripe det politiske feltet. Kort og brutalt: Etter Auschwitz og Gulag, Uganda og Srebrenica, 9/11 og bin Laden. Kor finn vi i dag seriøse politiske aktørar med ein utopisk optimisme på vegner av det gode i mennesket? Dei største optimistane i dag, på vegner av homo sapiens, er vel dei som går ut frå at uregulerte marknadshandlingar vil løyse dei langsiktige økologiske utfordringane.

- d) Ein bør *gå varleg fram*. I politikken bør vi vise moderasjon, i erkjenning av at tidlegare ordningar kan ha positive sider som vi ikkje bør øydeleggje, og at nye ordningar kan ha negative konsekvensar som vi ikkje innser her og no. Dette poenget, om å gå forsiktig fram, følgjer naturleg av det som er sagt om kunnskap, tradisjon og menneskesyn. Ikkje drastiske inngrep, ikkje utopisk planlegging. Erfaringsbasert realisme og varsame tiltak. Her vil eg først seie: Ja, under normale forhold. Som motvekt mot alle «Stundesløse» som på eit snevert grunnlag i tide og utide vil reformere alt og alle, er dette ein fornuftig maksime. Men kva gjer ein når det oppstår alvorlege kriser? Frå 1700-talet og framover er tysk og fransk historie prega av djupare politiske kriser enn England. Derfor «gjer det ein forskjell» om vi prøver å forstå politisk konservatisme ut frå anglo-amerikanske erfaringar eller ut frå kontinental-europeiske. Og då blir spørsmålet: Kva med framtida? Korleis vil konservativ politikk sjå ut om det blir drastiske og dramatiske kriser, med behov for sterke tiltak? Til slutt: Det er vanleg å skilje mellom konservatisme som handlingsmaksime og ein konservatisme som vil bevare bestemte verdiar. Skiljet er viktig fordi mange kan ha sympati for ein varleg handlingsmaksime i politikken under normale forhold, utan at dei er samde om kva for

verdiar eller tradisjonar som bør bevarast. Men i praksis vil denne handlingsmaksimen krevje at ein har eit grunnleggjande syn på kva som bør bevarast, og kva som bør endrast, i kvart konkrete tilfelle.

- e) Konservatisme har eit *organisk samfunnssyn*, ikkje eit mekanisk. Konservative erkjenner at samfunnet er *komplekst*, ikkje enkelt. Men kva betyr dette? Utan vitenskapsteoretisk og samfunnsvitenskapleg oppdatering blir begrep som «organisk» og «komplekst» utilstrekkelege, på ein måte som i praksis lett kan føre til sjølvforskyld maktesløyse på det politiske feltet. Kan Hayek ha eit poeng når han kritiserer konservatismen for å vere teorifattig og for å stå i fare for å bli opportunistisk (Hayek, 1960)?
- f) Konservative erkjenner at situasjonen, *konteksten*, er viktig, som kontrast til abstrakte prinsipp og idear. Men då burde vel redaktørane i større grad ha reflektert over vår eiga historie, over særne trekk ved norsk og nordisk historie? Då burde dei vel også ha drøfta dei ulike geopolitiske kontekstane. Endeleg burde ein i større grad ha stilt spørsmål om kva som karakteriserer eit moderne vitenskapbasert og institusjonelt differensiert samfunn, og kva det har å seie for ein oppdatert konservativ politikk.

Dersom det som her er sagt, er dekkande for den definisjonen av konservatisme som redaktørane legg til grunn, kan det innvendast at denne oppfatninga av konservatisme er begrepsfattig som politisk oppfatning. Poenget er ikkje at ein skal ha ein «ferdig ideologi», men at det er nødvendig å vere rimeleg oppdatert på sentrale samfunnsvitenskaplege diskusjonar om institusjonar, aktørar og maktforhold, og tilsvarande for sentrale vitenskapsteoretiske og normative diskusjonar. Eit anna poeng er motsetninga mellom ambisjonen om å presentere konservatismen i alt sitt mangfald og utdefineringa av autoritær og handlingssterk konservatisme. Eit tredje poeng er spenninga mellom denne definisjonen på konservatisme og det som enkelte av dei 21 utvalde står for.

Det er mange politisk relevante spørsmål som ikkje kjem til orde ut frå desse kriteria. Det gjeld m.a. forholdet mellom moderne institusjonar og handlingsformer, slik som forholdet mellom stat og marknad, men også for forholdet mellom marknad og livsverd. Det inneber vidare at forholdet mellom politisk konservatisme og næringsliberalisme heller ikkje blir brakt skikkeleg på begrep. Denne begrepsfat-tigdommen inneber samtidig at heller ikkje liberalismen blir omtala på ein klargjerande måte. For eksempel blir det ikkje sondra mellom økonomisk liberalisme (som politisk går til høgre) og kulturell liberalisme (som går til venstre, jf. flower power). Heller ikkje blir det sondra mellom desse to formene for liberalisme og politisk liberalisme med vekt på rettsstat og individuelle rettar. I samband med slike rettslege spørsmål har vi spørsmålet om kontekstoverskridande normative prinsipp, aktualisert i møte mellom ulike kulturar og tradisjonar, ikkje berre mellom det kulturelt moderniserte Vest-Europa og islam, men også i forhold til «emerging normative regimes», slik som India og Kina. Her duger ikkje «monologisk universalisme», der ein frå vestleg side går ut frå at ein kan diktere kva andre skal meine om menneskerettar og demokrati. Heller ikkje kan ein gå ut frå fleirtalsvedtak i FN, for dette fleirtalet kan endre seg med maktforskyvinga internasjonalt.

I vår samanheng er spørsmålet kva konservativ politikk kan yte, i denne samanhengen. Kritikkk av kontrakt-teori og ein allmenn appell til eigne tradisjonar er ikkje nok. Heller ikkje appell til eigen religion. «Culture matters», ja – det krevst respekt for kultur, både heime og borte. Men kva er det konservative svaret når kulturar tørnar saman? Kamp mellom gudar, sa Max Weber. Kva seier Torbjørn Røe Isaksen og Henrik Syse?

Så mykje om utval og definisjon. No til neste spørsmål: Kva med aktualitet og relevans, overfor samtidige og framtidige utfordringar av det tyngre slaget?

Aktualitet

Boka har som målsetjing å forklare kva konservativ politikk går ut på i dag, både nasjonalt og internasjonalt. Då er det mangt å ta fatt i. Med tanke på konservativ politikk i dag skal vi her først minne om ei underliggjande spenning i norsk politikk og deretter vise til nokre av dei sentrale utfordringane vi står framfor.

Som nemnt, redaktørane for denne boka, liksom tankesmia Civita, legg seg nær opp til den anglo-amerikanske liberal-konservative tradisjonen, og avgrensar seg overfor den kontinental-europeiske tradisjonen med vekt på stat, autoritet, hierarki og nasjon, og med større tiltru til sterke politiske inngrep. Samtidig annonserer Civita at partiet Høgre no som tidlegare går inn for velferdsstaten. I den samanheng er det verdt å merke seg at representantar for den anglo-amerikanske tradisjonen går imot velferdsstaten, jf. Hayek og Thatcher, medan representantar for den kontinental-europeiske tradisjonen stod sentralt i utbygginga av velferdsstaten, jf. Bismarck. Her er det noko som skurrar.

Det ville ha hjelpt om ein hadde distansert seg frå den anglo-amerikanske tradisjonen og i staden hadde konsentrert seg om skandinavisk og særleg norsk historie. Men då måtte ein ta innover seg at staten og ein opplyst embetsstand spela ei langt viktigare rolle her enn i den idealiserte anglo-amerikanske tradisjonen. Med sterk stat og ein politiserande embetsstand følgde aktiv modernisering av samfunnet og rettsstatleg verdikonservatisme. Alt dette som bakgrunn for det norske Høire i 1884. Dessutan har vi dei folkelege rørsleane, frå Hans Nielsen Hauge til Søren Jaabæk, som søkte mot det politiske maktsentret for lovgiving, Stortinget, og som i stridig samspel med embetsstanden tok del i gjensidige læringsprosessar der dei stridande partar etter kvart fekk ein grunnleggjande tillit til kvarandre og til institusjonane. Trass i klassemotsetning og sosio-kulturelle motsetningar fekk vi ein relativt egalitær politisk kultur, med grunnleggjande tillit og solidaritet. Folkeopplysning, felles grunnskule, sosiallover og lovoreentering. Den norske velferdsstaten er ikkje berre ein

frittsvevande modell, sentrert om trygder og overføringar. Den norske velferdsstaten er historisk situert og rommar langt meir enn økonomi. Ein føregangsfigur for den sosiale lovgivinga tidleg på 1900-talet var Johan Castberg, som høyrde heime blant arbeidardemokratane til venstre for Venstre. Ein må også ta innover seg at dei folkelege rørslene har spela ei avgjerande rolle i forminga av haldningar og institusjonar, samtidig som desse rørslene, med sine demokratiske og nasjonale ideal, gjekk til Venstre og til sentrumspartia, og ikkje til Høgre, som sprang ut av dei samfunnsgruppene som i utgangspunktet hadde stritta imot demokratiseringa og som med sin dansk-kulturelle bakgrunn hadde eit anstrengt forhold til det nasjonale (Skirbekk, 2010).⁷

I norsk samanheng har den «pastorale opplysninga»,⁸ ovanfrå ved ein opplysningsvillig embetsstand og nedanfrå ved folkelege rørsler, lagt grunnlaget for ein mild overgang mellom tradisjon og fornying, og eit pragmatisk grep på politikken, fjernt frå revolusjonær jakobinisme med påfølgjande reaksjonær restaurasjon, men også fjernt frå den anglo-amerikanske så vel som frå den tyske samfunnsutviklinga.

Korleis kan eit akademisk prosjekt om konservatisme, som framhevar tradisjon og kontekst, unnlata å gå inn på desse særleine og skilsetjande trekka i norsk politisk historie?

Når målsetjinga er å «forstå dagens konservative politikk», er lakmus-testen aktualitet og relevans, ikkje berre evna til å takle dei nære oppgåvene, frå dag til dag, men også evna til å møte meir krevjande og langsiktige utfordringar. Tre kjappe spørsmål:

(i) Overbefolkning: Krisa er her allereie, og det ligg an til å bli verre. Korleis vil ein konservativ politikk sjå ut? Kina og Pakistan kan stå som motsetningar: politikk mot tradisjon. Bør ein konservativ politikk vere «forsiktig» også overfor desse utfordringane? Bør ein lene seg mot tradisjonen (eventuelt mot marknaden), i inngrodd motvilje mot sterke politiske grep? Eller bør ein som konservativ gå meir offensivt til verks?

- (ii) Økologisk berekraft: Energi og klimaendring, vatn og mat, forureining og biologisk mangfald. Utfordringane er mange og komplekse. Korleis bør ein konservativ politikk sjå ut? Her er det behov for ein ansvarleg og vitskapleg opplyst politikk, open og medviten om det usikre ved kunnskapen og løysingsforsøka, men likevel med vilje og evne til å ta upopulære grep når det trengst. Av institusjonelle og maktpolitiske grunnar er dei fleste politiske aktørane «forsiktige» og kortsiktige. Det er lettare å skyve problema framfor seg, over til kommande generasjonar. Er det slik konservativ politikk bør vere?
- (iii) Overforbruk: I lys av dei føregåande poenga bør forbruket gå ned hos dei som forbruker mest. Uavhengig av dette er det mange verdikonservative som på kulturelt og normativt grunnlag er motstandarar av konsumistisk «materialisme». Men om forbruket bør ned, korleis kan og bør det skje? Kva med skattar og avgifter, kva med forholdet mellom offentleg og privat forbruk? Kort sagt, korleis bør ein konservativ politikk sjå ut?

All tale om feilbarleg kunnskap og samfunnsmessig kompleksitet må i dag lustrast ved vitskapsteoretisk oppdaterte drøftingar og offentleg meiningsdanning – dét er vår lodd som feilbarlege menneske i moderne vitskapsbaserte og institusjonelt differensierte samfunn. Dette stiller mellom anna krav om høvelege institusjonar, for utdanning, forskning og meiningsutveksling. Og det stiller krav om pågåande læringsprosessar for oss feilbarlege menneske, overvelda av omfattande utfordringar på mange plan. Kva kan og bør ein konservativ politikk bidra med overfor desse utfordringane? Boka gir få svar i så måte, trass i løftet om å forklare kva konservativ politikk går ut på i dagens samfunn.

Konklusjon

Dermed nærmar vi oss ein konklusjon. Det vi har påvist under punktet om aktualitet, men også tidlegare, om utval og definisjon, det ber

i seg eit bod om det som manglar, om det som ikkje kjem til orde, i denne boka om politiske konservatisme. Det er synd, for prosjektet er godt og redaktørane er seriøse personar. Så kva har gått gale? Kanskje er dei komne i dårleg selskap. Kanskje kom dei aldri inn i det gode selskap der diskursiv danning står i fokus og åndene får bryne seg.

For i moderne vitenskapsbaserte samfunn er det mangt som må på plass. Mellom anna trengst det institusjonar for fri forskning og forskingsbasert undervisning og formidling, primært som diskursiv deltaking i det offentlege rom, institusjonar som omfattar «alle» disiplinar, ikkje berre eitt eller eit fåtal av fagfelt. Universitetet var den institusjonen som burde kunne dette betre enn andre: kritisk diskusjon, open og ærleg etterprøving av framgangsmåtar og resultat – i vitenskapleg forskning, mellom vitenskapane, og ved deltaking i det offentlege rom.

Desse ideale fordringane krev særleine institusjonelle ordningar. Men universitetsreformene i seinare tid, i retning av marknadstenking og byråkratisk kontroll, overgang frå studium til skule, og krav om instrumentell nytte, er kontraproduktive. Og det hjelper ikkje å sprøyte pengar inn i politiske tankesmier når dei universitære institusjonane er degraderte.

Så, kva seier ein til godt, om ein skal uttrykke seg kortfatta? Kanskje dette: Her er mykje å gle seg over. Eit godt forsøk. Men når det kjem til stykket, relativt begrepsfattig og perifert i forhold til viktige diskusjonar og utfordringar i feltet. Som akademisk arbeid innfrir det ikkje forventningane.

Notar

1. Det betyr at vi forventar ei fagleg avklaring av korleis redaktørane går fram for å bestemme og avgrense emnet. For eksempel: Er det her primært tale om å lansere eins eigen definisjon av «konservativ» (som «normativ definisjon»), eller dreiar det seg om å finne ut korleis ordet blir brukt, både av dei som bruker det om seg sjølve og dei som bruker det for å omtale andre («bruksmåtedefinisjon»)?

I sistnemnde tilfelle: Korleis handterer ein forholdet mellom det teoretikarane seier, og det praktikarane gjer, og mellom det praktikarane seier dei gjer, og det dei faktisk gjer? Og korleis går ein fram for å bestemme forholdet mellom bru- ken av *ordet* og bruken av *begrepet* også når ordet ikkje blir brukt? Dessutan, det å opparbeide ei begrephistorie krev andre framgangsmåtar enn det å finne ut korleis ord og begrep blir brukte i dag av ulike aktørar og i ulike samfunn. I begge tilfelle: Korleis avgrensar ein utvalet?

2. Jf. side 25 og 27 i innleiinga.
3. Første setning, andre avsnitt i innleiinga.
4. Jf. Francis Fukuyamas kritikk av dei neo-konservative i USA, i Fukuyama 2014.
5. Om «normative definisjonar» og «bruksmåtedefinisjonar», sjå første fotnoten ovanfor.
6. Med utgangspunkt i Habermas.
7. Kortversjon i kap. «Frå undersått til statsborgar», jf. også intervju ved Mimir Kristjanson i *Klassekampen* 19.01.2015: «Konservatisme på norsk».
8. Uttrykk lånt frå Nina Witoszek (1997).